

## **Sak 9-24 Uttale frå årsmøte i Jordvern Norge**

### **Ta vare på matjorda i samferdselprosjekt og anna utbygging.**

Årleg vert truleg 1 000 000 tonn matjord fjerna ved utbyggingar. Det er nødvendig at sentrale og kommunale styresmakter set opp bindande krav til utbyggjarar om korleis desse enorme moldresursane skal nyttast.

Kring 80-90 % av denne jorda bør brukast til jordbruksføremål. Jordvern Norge er deltakar i "Green Move" prosjektet som gir gode retningslinjer for best mogleg resultat av jordflytting.

Matjord er masse som yrer av liv, og god jordflytting som tek vare på dette livet er krevjande. Difor er det viktig å kvalitetssikra jordflytting.

I samferdselsprosjekt er det ikkje nødvendig å nyitta jord til områder og skråningar. Grus, sand, bork og opphakka skogsmaterialer er betre. Dette er og driftsmessig , økonomisk og miljømessig betre løysing, med mindre grasslåing og mindre spreiling av ugras som og stundom er giftig

Alle kommunar bør laga jordvernplanar. Derfor gir staten økonomisk støtte til dette. Desse planane må og innehalda krav om gjenbruk av mold som vert fjerna ved utbyggingar av alle slag.

Gjennom lokale initiativ vert noko av molda nå nyitta til jordbruksføremål.

Men det er nødvendig at me må ta vare på molda ved all utbygging og sikrar at den kan produserer mat og tryggjer vår sjølvforsyning.